

Til  
Alver kommune  
Plan v/Arealforvaltning

## **Merknader til Detaljreguleringsplan for Lonena Aust**

Vi viser til Detaljreguleringsplan for Lonena Aust som er lagt ut til offentleg ettersyn, med uttalefrist 13. januar 2023. Styret for Lynghagen burettslag har følgjande merknader til planframlegget:

### **Trafikkløysinga**

Bebuarane i Lynghagen burettslag vil på det sterkeste protestera mot trafikkløysinga som framlegg til reguleringsplan for Lonena aust, legg opp til. I planframlegget vert det lagt opp til at Lonslia skal bli hovudveg inn mot utbyggingsområdet for ca 200 nye bustader.

Lonslia er ein smal veg og avstanden frå vegg i Langheiane 10 til midtlinje kommunal veg er ca 8 m. Veglova seier 15 m som eit minimum. Det seier seg sjølv at denne vegen ikkje eignar seg som tilførselsveg når det i tillegg skal byggjast fortau på begge sider av vegen. Det er såleis ikkje mogleg å få fullgod tilkomst gjennom Lonslia til dei nye bustadene i Lonena aust.

I samband med tidlegare planar for bustadbygging i området Lonena - i eit langt større omfang enn dagens planar, vart det bygt veg med fullgod standard, dvs. 2-felts veg med fortau, gjennom Langheiane. Dette for å kunna ta unna trafikk til eit langt større utbyggingsområde. Denne vegen går heilt til grensa for det planlagte området Lonena aust, og det bør vera heilt naturleg å nytta allereie etablert infrastruktur i området ved den vidare utbygginga.

***Lynghagen burettslag ber innstendig om at framlegg til reguleringsplan vert endra, slik at Langheiane vert hovudvegen inn til utbyggingsområdet Lonena aust.***

Lonslia er i dag ein blindveg bak Langheiane 10 og einebustadene ovanfor. Vegen går rett utanfor inngangspartia til bustadene i Langheiane 10, og vegen vegen vert nytta som tilkomstveg til private boder på nedsida av inngangspartia. Det vil verta ei voldsom belastning for dei som bur i Langheiane 10, med anleggstrafikk, store kjøretøy, støv og bråk rett inn i bustadene, og seinare permanent trafikk med stipulert ådt på 700, om Lonslia skal bli ein hovudveg inn til Lonena aust. I tillegg til denne ekstra store belastninga, vil ei slik trafikkløysing utan tvil føra til store verditap for dei som har bustadene sine i Langheiane 10.

I planinitiativet for Lonena aust står det m.a. at området skal tilretteleggjast for gang- og sykkeltransport og fremja transport via gange eller sykkel - framfor bil. Snarvegar er viktige for attraktivitet til å velja gange eller sykkel. For å velja sykkel eller gange er det avgjerande at ein kjenner seg trygg på vegen. Planframlegget kan løysa dette på ein god måte ved at Lonslia berre vert nytta til transport via gange eller sykkel til og frå det nye bustadområdet.

Når det gjeld trafikksikring i området, trengst det store forbetringar særleg for gåande og syklende, spesielt i kryss Lonsvegen/Langheiane og kryss Langheiane/Lonslia. Frå Lonslia bør det etablerast fortau også på høgre side av vegen ned til Lonsvegen. Løysinga i krysset til Lonsvegen er i dag langt frå tilfredsstillande for mjuke trafikantar då fotgjengar-

overgangen ligg på sørsida av krysset, medan dei fleste som kjem frå Langheiane, skal nordover til aktivtetsområda og skule/barnehage. Dette fører til at dei aller fleste kryssar vegen der det ikkje er etablert fotgengarovergang.

### **Grønstruktur mot eksisterande bustader**

Dei nærmaste bygningane som er planlagt i Lonena aust, kjem berre ca 10 m frå eksisterande bygningane i Lynghagen. Vi ber om at det vert etablert ei buffersone der ein tek vare på eksisterande natur mellom dei to bustadområda. Dette vil bevare natur både for eksisterande og nye beboarar og underbyggja at ein balanserer omsyn mellom utbygging og bevaring av natur i området. Det vil også dempa støy-, visuell, støv og anna belastning for eksisterande beboarar gjennom ein forventa utbyggingsperiode.

### **"Pensjoniststien"**

Lynghagen burettslag stiller seg undrande til planleggjar sitt store fokus på «pensjoniststien». Vi kan ikkje sjå at utbygging av tilkomstveg til området via eksisterande veg i Langheiane, vil vera noko stort problem sjølv om ny veg vil kryssa stien. Her er det meir viljen det står på! Om viljen er til stades, vil planleggjar kunna finna gode løysingar slik det har blitt gjort ved dei andre utbyggingsområda langs Lonsvegen. I samband med utbygginga bør ein setja krav om ei oppgradering av stien i området. I denne samanheng bør utbyggjar også oppgradera stien frå parkeringsplassen ved starten av Brekkeløypa og opp til plangrensa for Lonena aust.

### **Avslutning**

**Lynghagen burettslag ber om at merknadene vår vert teke omsyn til i det vidare arbeidet og at planleggjar viser vilje til å ta omsyn til livskvaliteten for dei som allereie bur i Langheiane 10.**

Med helsing  
Styret i Lynghagen burettslag  
Leif Taule  
styreleiar